

Saksbehandlar: Bent Rønnekleiv, Tannhelsetenesta
Sak nr.: 14/1530-2

Søknad om stipend under spesialisering i oral kirurgi og medisin

Fylkesrådmannen rår Fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Tannlege Frank-Jakob Sandbakk får 200 000 kr i årleg stipend i 5 år under spesialistutdanning i oralkirurgi og medisin. Det er ein føresetnad at Sandbakk bind seg til å arbeide i 2 år som spesialist etter fullført utdanning.
2. Stipendet vert fondsfinansiert innafor budsjettet for tannhelsetenesta.

Vedlegg:

Søknad om stipend under spesialistutdanning i oral kirurgi og medisin

SAKSFRAMSTILLING

1. Utgreiing

Bakgrunn

Tannlege Frank-Jakob Sandbakk har søkt om stipend til spesialistutdanning i oral kirurgi og medisin ved Universitetet i Bergen. Denne spesialistutdanninga gjev tittelen oralkirurg og tek fem år. Det er svært vanskeleg å få slik studieplass. Sandbakk søker om eit stipend på 200 000-250 000 kr pr. år. Han vil få løn under utdanning, men denne er såpass låg at han har behov for stipend i tillegg. Spesialistutdanninga vil vere avslutta i 2019.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkesutvalet gjorde i sak 87/10 vedtak om å gje stipend til tannlege Bjørnar Hillestad under spesialistutdanning til kjeveortoped.

Problemanalyse

Helsedepartementet har som norm at det er behov for ein oralkirurg pr. 70 000 innbyggjarar. I dag er det ein oralkirurg som dekker heile Sogn og Fjordane. Ein del pasientar må ut av fylket for å få denne tenesta. Tannlegar har særaldersgrense og kirurgen vi har i fylket kan gå av med pensjon i 2025. Det er svært vanskeleg å kome inn på denne spesialiseringa og med den lange utdanningstida (5 år) vil det vere naudsynt å allereie no bruke midlar slik at vi kan unngå avbrot i dette tilbudet i Sogn og Fjordane. I ein periode etter 2019 kan tilbudet verte styrka.

I lov om tannhelstjenesten, 3. juni 1983 nr 54., § 1-1 heiter det:

Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelstjenester, herunder spesialisttjenester, i rimelig grad er tilgjengelig for alle som bor eller midlertidig oppholder seg i fylket.

I Rundskriv IS-1/2013 Nasjonale mål og prioriterte områder for 2013 kapittel 3.2.4 Tannhelstjenester, ber HelseDirektoratet om at fylkeskommunen:

- *Bidra aktivt med å rekruttere kandidater til spesialistutdanning.*

Tilpassing til lovkrav og rundskriv er gjort i Strategisk handlingsplan for tannhelsetenesta. I hovudkapitelet Rekruttering og stabilisering av tannhelsepersonale 1.4 underkapittel, 1.4.4 Legge til rette for å få betre spesialisttilgang for pasientar i Sogn og Fjordane heiter det under tiltak:

- *Oppbygging av spesialistklinikk under TkVest*
- *Støtte til spesialistutdanning mot bindingstid i fylket.*

Det er eit fylkeskommunalt ansvar å sikre at oralkirurgiske tenester er tilgjengeleg og dette kan gjerast med stipend under spesialistutdanning.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Stipend på 200 000 kr pr. år i fem år gjev totale kostnader på 1.0 mill. kr. Tannhelsetenesta dekker kostnadane ved å nytte midlar avsette i fond. I samsvar med praksis og personalreglementet vil det bli sett som vilkår for stipendet at Sandbakk bind seg til 2 års teneste i fylket etter fullført utdanning.

Fylkesrådmannen meiner økonomisk stønad skal gjevast i form av stipend og ikkje som løn. Ved å gje stipend unngår fylkeskommunen andre utgifter.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg med stipend til tannlege Frank-Jakob Sandbakk under spesialistutdanning i perioden 2014-2019. Dette vil betre og vidarefør tilgangen på oralkirurgiske tenester for innbyggjarane i Sogn og Fjordane.